


Stig Børsheim lanserer CD med Hauge tekstar

27.01.2016



Stig Børsheim lanserer CD med tekstar av Olav H. Hauge.

**Stig Børsheim, oppvaksen i Uskedalen, er musikar og lanserer ny Olav H. Hauge-cd.  
Markeringsa vert laurdag 19. mars på Olav H. Hauge-senteret i Ulvik.  
Tittelen på CD`en er «Nokre fåe songar». Her står Stig Børsheim fram med nye tonesetjingar av Hauge-dikt.**

Utvalet er gjort i samarbeid med kunstnaren Bodil Cappelen.

Tilskipinga 19. mars er ein del Verdas poesidag der ein har fokus på poesi over heile verda.

Uskedelingen kjenner seg knytt til Ulvik og Hauge fordi bestefaren var derifrå, og fordi han har familie og kjende der. Han har også gjeve ut ein CD som heitte Hard Anger som var ei hylling til Hardanger med hans eigne ord og tonar.

Om Haugeprosjektet har han tidlegare sagt til avisar Kvinnheringen at det er ein draum han har bore på lenge.

Børsheim har budd i Oslo i over 30 år, og er knytt til Oslo Teatersenter der han har mange og varierte oppgåver. Han er utdanna fysioterapeut og akupunktør.

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland